



Konfirmantane saman med presten og kyrkjelydsekretæren etter konfirmasjonen

**Medan kyrkja rista i kulingkasta og det striregna vart 6 konfirmert i kyrkja i føremiddag Tidlegare sokneprest Kristian Due har teke til i si nye stilling som misjonsrådgjevar hos Mørebispen, men han kom attende til Uskedalen for å gjennomføra denne oppgåva. Det sette mange pris på. I ei varm og omsorgsfull preike stilte han spørsmålet om kva konfirmantane bør byggja livet sitt på og streka under at det må vera noko ein stoler på.**



Ikkje lett å gå i prosesjon ute når det er kulingkast, konstaterar presten

Kyrkjelydsekretær og konfirmantlærer Oddbjørg Heimark la vekt på kor viktig det er å halda fast i noko når dei unge no skal ut i den store verda.

Dei må passa på seg sjølve men også bry seg enda meir enn før.

Kyrkjelydsekretæren har ein munter form og fekk ei fullsett kyrkje til å le også denne gongen.

Dessutan hadde ho kritiske merknader om sviktande flaggheising denne dagen.

Dette er konfirmantane:

**Rebecca Hølleland Hauge, Maren Huse Bjørnebøle, Tord Sæle, Johannes Haugland, Kjartan Elias Tungesvik og Marius Seim Myklebust.**

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Prosesjon ut av kyrkja etterpå